

Til Haugaland Golfklubb («HGK»)**v/ Jorunn Skåden****Påbygg av klubbhuset**

Ein viser til Sak 07-25 i styremøtet til Sveio golfpark 12. mars 2025:

«Dagleg leiar la fram reviderte teikningar over planlagt påbygg av klubbhuset.

A) Første del av prosjektet (Fase 1) inneheld ny golfbilgarasje/WC og søppelbod.

Det er innhenta prisar som viser ein kostnad inkl mva på 3,7 MNOK.

Framlegg til Finansieringsplan:

1.etg.		inkl mva
Sveio kommune - søknad om tilskot		600,000
Sveio golfpark - tilskot		600,000
HGK - tilskot		600,000
Tippemidler sanitæranlegg (2.6.17 Friluftsliv - max 700,000)	33.33%	322,980
Tippemidler lager for idrettsmateriell (2.6.1. min 200 m2 - max 900,000)	33.33%	900,000
Mva-refusjon HGK		748,170
SUM		3,771,150

Framlegget byggjer på at SGP, HGK og Sveio kommune dekkar 1/3 kvar av kapitalbehovet etter mva-refusjon og tippemidler.

Ein foreslår same utbyggjingsmodell som for Servicebygget med Haugaland golfklubb som eigar, SGP som ansvarlig for prosjektgjennomføring og drift på same vilkår som for Servicebygget.»

Styret i SGP har fatta fylgjande einstemmige

Vedtak:

Styret i SGP løyver tilskot på 1/3 av kapitalbehovet etter mva-refusjon og tippemidler, maksimert til kr 600.000 til Fase 1 – betinga av at HGK og Sveio kommune gjer det same.

SGP anmodar HGK om å fatta liknande vedtak.

HGK/SGP sender søknad til Sveio kommune om same finansieringsstøtte til Fase1.

B) Andre del av prosjektet (Fase 2) inneheld innbygging av sosialt rom for klubb-medlemmene og tilreisande gjester samt aktivitetsrom med kapasitet til 3 simulatorar og er planlagt gjennomført i 2026.

Fase 2 er kalkulert (prisar er ikkje innhenta) til å kosta 5,4 MNOK.

Finansieringsplan:

2. etg.		
Sveio kommune - søknad om tilskot		1,100,000
Sveio golfpark - tilskot		1,100,000
HGK - lån		1,100,000
Tippemidlar - 2.6.1. sosialt rom min 50 m2 max 300,000	0.3333	300,000
Tippemidlar - 2.6.5. aktivitetssal min 150 m2 max 700,000	0.3333	700,000
Mva-refusjon HGK		1,079,031
SUM		5,379,031

Styret i SGP fatta slikt einstemmige

Vedtak:

Styret i SGP løyver tilskot på 1/3 av kapitalbehovet etter mva-refusjon og tippemidlar, maksimert til kr 1.100.000 til Fase 2 – betinga av at HGK og Sveio kommune gjer det same. Styret i HGK vil handsama denne saka (låneopptak) på styremøte i mars og årsmøte i april. HGK/SGP sender søknad til Sveio kommune om same finansieringsstøtte til Fase 2.

Sveio golfpark anmodar styret HGK om å handsama denne saka – om mulig før formannskapsmøtet 24. mars 2025.

Med vennleg helsing

Frå Sveio golfpark AS

Per Bjørn Habbestad

Styreleiar

Vedlegg: diverse skisser/planløysingar over Fase 1 og 2